Vest Vvs As
Torvhusmyrane 18
5913 Eikangervåg

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Jan Kvingedal | 18.08.2023 |
| Vår: 22/641 - 23/7046 | jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no | |

# Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til tilkopling til kommunalt vatn og avlaup - gbnr 59/15

**Administrativt vedtak. Saknr: 081/2023**
**Tiltakshavar:** Morten Nepstad
**Ansvarleg søkjar:** Vest VVS AS
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tilknyting vass- og avlaupsanlegg

**VEDTAK**:
**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknyting og godkjenner søknad om tilkopling til kommunalt vassverk og avlaupsanlegg for gbnr. 59/15, Einestrand, på fylgjande vilkår:**

1. **Tilknytingsavgift skal vera betalt før tilkopling til kommunalt vassverk og avlaup.**
2. **Dersom det må nyttast reduksjonsventil eller er behov for trykkauke er det tiltakshavar som må ta kostnaden med dette.**
3. **Det er tiltakshavar som er ansvarleg for at anlegget til og i huset frå punkt på kommunal leidning, er dimensjonert for vasstrykket frå den kommunale leidninga**
4. **Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta før de vert gjeve ferdigattest.**

**Vest VVS AS vert godkjent som ansvarleg søkjar for tilknytinga.**

**Heimel: Masfjorden vassverk, reglement for tilknyting**

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen

er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Gebyr**
Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

| Kode | Skildring | Tal | Sum |
|---|---|---|---|
| | Tilknytningsavgift vatn | 1 | 25.537,50 |
| | Tilknytningsavgift avlaup | 1 | 32.925,00 |
| | Totalt gebyr å betala | | 58.462,50 |

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

**Klage**
Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

**SAKSUTGREIING:**

**Tiltak**
Saka gjeld søknad om tilknyting til kommunalt vassverk og avlaupsanlegg for gbnr. 59/15 på Einestrand.

**Fakta**
Det er etablert kommunal vassforsyning i bustadfeltet på Einestrand og kommunalt avlaupsanlegg.

**Vurdering**
Tilknytinga er iht. forskrift for vatn- og avlaup for Masfjorden kommune.

Vest VVS AS vert godkjent som ansvarleg for tilknytinga.

**Konklusjon**
Det vert gjeve løyve til tilknyting for vass – og avlaupsleidning jf. vedtaket.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Roald Kvingedal<br>teknisk sjef | Jan Kvingedal<br>saksbehandlar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Vest Vvs As | Torvhusmyrane 18 | 5913 | Eikangervåg |